



Bilskade med knust bakrute på Kråkehaugen.

**Tropestormen Helene med vindstyrke opp mot 30 meter i sekunden førte til skade fleire plassar i Uskedalen. På fylkesvegen mot Ljosnes låg knekte greiner tidleg torsdag morgon. Vegen vart kjapt rydda. Eit tuntre hos Elin og Geir Enes rotvelta. To postkassehus i Ospelunden var flytta mange meter og kilte seg fast i busskuret. Ein bil på Kråkehaugen fekk bakruta knust, ikkje av flygande gjenstandar, men truleg av sterke vindkast.**

Rødnebåten RYGERFONN søkte hamn i Uskedalen og la seg til på Børneskaien. Snøggbåten var klar for rute frå Rosendal til Bergen dagen etter. Jakta MATHILDE var godt festa til Sandakaien over to dagar, før avreise på ettermiddagen i går. Fartyet har oppdrag for skulane med såkalla skutedagar.



To postkasseskur i Ospelunden vart rivne lause og kilte seg fast i busskuret.

Sterk vind frå sørvest er likevel ikkje det verste i Uskedalen. I dag, fredag på kvelden er det venta pålandsvind, høg sjø og sterk og stiv kuling frå nordvest. Då kan det vera klokt å sjå over alle lause gjenstandar på tunet og i strandsona.



Tuntreet på Nedre Fet rotvelta kl. 21.30 onsdag kveld.

Tekst/nett: Kristian Bringedal  
Foto: Geir Enes/Kristian Bringedal



Campingplassane i Uskedalen ligg i eit vindfullt område. Skaden er frå Øyro Marina.